

# SAKSFRAMLEGG

## Tysnes kommune

### KOMMUNEPLAN - RULLERING SAMFUNNSDEL PLANPROGRAM

---

Sakshandsamar: Morten Anthonessen

---

Arkivsak : 16/952 -  
Arkivkode: 101.3

---

**... &&& Set inn vedlegga og saksutgreiinga under &&& (Ikkje slett denne lina)**

#### Vedlegg:

1. Fråsegn Horaland fylkeskommune
2. Fråsegn Fiskeridirektoratet
3. Fråsegn Fylkesmannen i Hordaland
4. Fråsegn Austevoll kommune
5. Framlegg til planprogram

#### SAKSUTGREIING:

Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel har vore til offentleg ettersyn og det er kome inn fem innspel.

Hordaland Fylkeskommune saknar eit blick på dei meir lokale trafikktilhøva og satsingsområda i samband med planlegging av areal og transport som tema i samfunnsutviklinga. Sjølv om dette ikkje er teke inn som eit særskilt tema ligg det etter vårt syn inne som del av dei problemstillingane planen skal ta opp.

Fylkesmannen set fokus på folkehelse og samfunnstryggleik i si oppsummering, det er naturleg at dette vert eit gjennomgåande undertema som ligg innanfor det planprogrammet som er sendt ut.

Fiskeridirektoratet håpar på godt samarbeid og at dei vert teke med når arealdelen skal handsamast vidare. Dette vil sjølvsagt verta ivareteke.

Noko etter fristen er det også kome eit innspel frå Austevoll kommune. Dei viser til at kommunane har noko samanfallande og del overlappande interesser i høve til ulike tilhøve som infrastruktur, samfunnstryggleik og beredskap, tilkoping til E39, akvakultur og ulike verneinteresser. Me vil ta omsyn til dette i den vidare planprosessen.

Forutan desse innspela er det kome inn eit innspel til areal, me har informert innsendar om at dette kan takast opp igjen ved rullering av kommuneplanen sin arealdel.

Sett under ett så er alle instansar som har gjeve uttale til planprogrammet positiv til at kommunen startar arbeidet med rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel. Innspela vert ivaretekne gjennom det vidare arbeidet, men krev ikkje endring av planprogram.

Me tek innspela til vitande og let dei følgje planarbeidet vidare.

**... &&& Set inn saksutgreiinga over &&& (Ikkje slett denne lina)**

#### **INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:**

**::: &&& Set inn innstillinga under &&& (Ikkje slett denne lina)**

Med heimel i § 4-1 i plan og bygningslova vert planprogram for rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel 2016-2028 godkjent slik det ligg føre.

**::: &&& Set inn innstillinga over &&& (Ikkje slett denne lina)**